

Tine og Tussa Fotballskule på Stranda

16-17.august på Stranda Stadion

Stranda Fotball var kjende for å ha av dei ypparste fotballskulane på Sunnmøre. Klubben har komt tilbake med fotballskulen to siste åra med god deltakelse. Stranda fotball har valgt ut helga før skulane startar opp igjen – akkurat slik det var ved tidlegare arrangement.

Grovskisse av program:

Lørdag 16.08	Stad:	Servering:	Aktivitet:
1000-1500	Stranda Stadion Utdeling av utstyripakkar	Brødmat og pålegg + Tine produkter	Sportslege aktivitetar tilpassa alder. Smålagsspel Konkurransar – leik og moro Besøk av toppspelarar Mykje meir
Søndag 17.08			
1000-1500	Stranda Stadion	Pizza frå ovnen + Tine produkter	Trening og leik Fotballskuleturnering Opplevelsar Besøk av toppspelarar

Prisar:

Barn 1: 890,-

Barn 2: 590,-

Barn 3: 390,-

Når dykk har meldt interesse for å delta på fotballskulen – så vil dykk få ein bekreftelse med betalingsinformasjon.

Betaling vil vere via fotballgruppa sin Vipps.

Mat:

Det vert nok av mat og drikke for alle deltakarar heile helga.

Vi har Tine produkter både lørdag og søndag som mellommåltid -og ikkje minst det sunne alternativet som bygger overskot og idrettsglede.

I tillegg så serverer vi brødmat og knekkebrød med variert tilbehør på lørdag.

Søndag er pizzaovnen i fokus og steiker færske Grandiosa.

**Kiosk:**

Kioskane vil vere opne for alle både lørdag og søndag.

Desse vil ha eit variert tilbud -og alle besøkande kan benytte seg av ulike tilbud.

Grupper -årsklasser:

Gruppene vil verte delt inn etter desse aldersegmenta.

Utifrå deltakelse så kan det vere at det vert blanding av gutar og jenter – men det kan også verte reine jentegrupper osv.

6 – 7 år: født: 2019-2018

8 – 9 år: født: 2017-2016

10 – 12 år: født: 2015-2014-2013

Aktivitetsleiarar:

Fotballgruppa benytter seg av ansvarlege både frå herrelaget og damelaget -altså dei eldste spelarane i klubben + eigne trenarar og ressursar.

I tillegg vil det vere mange voksne i ulike roller på arrangementet – alle er i unike og trygge omgivelsar.

Proffspelarar:

Proffspelarar kjem på besøk iløpet av fotballskulen.

Overnatting på Stranda:

Om nokon reisande skulle ønske overnatting – så er det tilbud i Stranda sentrum.

KOIE: [Koie | Koie Stay](#)

Dreges Hotell: [Hotell - Dreges Hotell](#)

Stranda tettstad – sentrum:

Har eit rikholdig tilbud med ulike servicenæringar og butikkar som dykk kan besøke denne helga.

Strandafjellet – Gondolen:

Denne har open både lørdag og søndag denne helga.

[Strandafjellet Skisenter |](#)

Påmelding:

ronny@strandafotball.no

Frist: Søndag 4.august 2025

Akkurat DU er hjarteleg velkommen!